



E39 Svegatjørn–Rådal

# Byggestart i Os

SEPTEMBER 2015



*Svegatjørn blir fylt ut og omgjort til ny E39 og kryssområde for lokalvegane gjennom byggeperioden. Knut Opeide*

**Etter lang og grundig planlegging er det endeleg klart for bygging av E39 Svegatjørn–Rådal, motorvegprosjektet mellom Os og Bergen. Prosjektet er delt i to hovudentreprisar. Søndre del omfattar strekninga Svegatjørn–Fanavegen, som dermed inkluderar alt vegarbeid i Os kommune.**

Denne nærinformasjonen gjeld arbeidet som skal gjerast i Os. Veidekke Entreprenør AS har fått oppdraget på søndre del av prosjektet. Det er klarsignal for byggestart 1. oktober 2015. Implenia Norge AS har tilsvarande kontrakt for nordre delen av prosjektet, og vil vere i gang frå september.

Arbeidet i Os kommune omfattar vegbygging i dagen i Svegatjørn-området og Endalausmarka, samt Skogafjells-tunnelen på 1,4 km i sør - og Lyshorntunnelen på 9,2 km i nord, som passerer kommunegrensa mot Bergen og munnar ut i Rådal i nord. Motorvegen får fire køyrefelt og to tunnellopp i separate tunnelar.

## Svegatjørn

Dagens vasspegel i Svegatjørn blir fjerna permanent. Gjenom byggeperioden blir det fyllt opp med tunnelstein i dette området, for å gi plass den nye E39 og kryssområde med lokalvegnettet.

Fv. 160 Ulvenvegen blir stengt frå hausten 2015 og ut 2017. Statens vegvesen kjem med nærare informasjon om dato for stenging. Omkøyning blir skilta via den kommunale Industrivegen. Dermed blir det auka trafikk i Industrivegen, noko som vil gi tidvis kø gjennom området. Statens vegvesen har våren 2015 gjennomført ein del trafikksikringstiltak i Industrivegen, i samarbeid med Os kommune. Før Ulvenvegen blir stengt vil det også bli bygt ein ny busslomme ved innkøyringa til Os vidaregåande skule. Elles vil entreprenøren ha sitt hovudkontor på Kolskogen under byggeperioden.

På E39 vil arbeidet ein periode føre til at trafikken frå Halhjem mot Bergen blir ført inn på fv. 552 om Os sentrum. Trafikken i motsett retning vil heile tida gå om Svegatjørn, som i dag. Det kjem nærare informasjon også om dette før trafikk-omlegginga.

## Støy og rystingar

Støyande arbeid i dagsona ved Svegatjørn kan berre skje mellom kl.07.00 og 19.00 mandag til fredag, og mellom kl. 08.00 til 18.00 på laurdagar. I Skogafjellstunnelen skal det ikkje vere støyande arbeid mellom kl. 22.00 og 07.00 i perioden før entreprenøren er komen kring halvvegs inn i tunnelen mot nord. Men støyen skal uansett vere innanfor krav i støyforskriften T-1442.

Dei som bur over tunnelen vil kunne høyre og merke arbeidet under bakken. Sjølve sprenginga kan vare inntil sju sekund. Dei fleste i nærområdet vil oppleve dette som buldring i bakken. Det er grenseverdier for rystingar på alle hus nær tunnelen. Desse er i samsvar med Norsk Standard 8141, og har ein god sikringsmargin. Det vil bli montert rystingsmålarar på alle hus for å kontrollere at verdiane blir haldne.

## Endalausmarka

I Endalausmarka skal det byggast ein ny fylkesvegarm på 1,1 km. Denne skal kople E39 til Lyseklostervegen og det regulerte næringsområdet.

Det kjem ein mellombels anleggsveg for entreprenøren inn i utmarka. All overskotsmasse frå tunnelen skal brukast til det framtidige Lyseparken næringsområde.

Anleggstrafikken til Endalausmarka vil i starten gå på den eksisterande Lyseklostervegen. Men så snart det er gjennomslag i Skogafjellstunnelen vil entreprenøren bruke tunnelen til anleggstrafikk.

Dagsona gjennom Endalausmarka blir på 1,1 km. Her blir det kryssområde mot lokalvegnettet, samt rasteplass for trafikken på E39 - etter vegopning.

Industrivegen (biletet) blir omkøyringsveg når fv.160 Ulvenvegen blir stengt i løpet av hausten 2015. Foto: Geir Brekke





# Bygging av tunnel



## 1 Eventuell injeksjon

Før sprenging kan det vere behov for å stabilisere fjellmassen, eller hindre inntrenging av vatn. Då bli det bora kring 25 meter lange hol ut i vifteform. Sement blir pumpa inn i hola for å tette eventuelle sprekkar.



## 2 Boring og lading

Når sementen frå for-injeksjonen har stivna, blir det bora mellom 100 og 200 nye hol for utsprenging. Holar er tre til fem meter lange og blir lada med sprengstoff.



## 3 Sprenging

For å unngå sprekkar under sprenging blir det detonert eitt og eitt hol med mellomrom på nokre tusendelars sekund. Ein tunnel-salve kan difor vare inntil sju sekund frå første til siste lading blir detonert. Sprenginga blir alltid tilpassa fjellkvaliteten.



## 4 Utlasting

Lastebilar og dumparar frakter dei utsprengte fjellmassane ut av tunnelen etter kvar sprenging.




## 5 Rensk og sikring

Laust fjell blir pigga ned med ein hydraulisk hammar som er montert på ei gravemaskin. Lause steinar blir fjerna. Når sprengt fjellmasse er fjerna blir tunneltaket sikra med lange boltar som blir forankra djupt i fjellet. Det blir deretter lagt på eit tjukt lag med spøytebetong. Ingeniørgeologar kartlegg fjelltilhøva i tunnelen fortløpande under tunnelbygginga. Dei vil vurdere omfanget av fjellsikringa.

Illustrasjoner: Arild W. Solerød

Steg 1 til 5 utgjer ein syklus.

Kvar syklus fører fører maskiner og mannskap tre til fem meter fram i tunnelen.



## Etterarbeid

Etter at tunnelen er ferdig driven står det framleis att mykje arbeid. Tunnelen skal ha innreiing, med kvelv som sikrar mot vass-lekkasjar og frost. Gjennom heile tunnelen blir det lagt vass- og avløpsrøyr. Vidare sakal det på plass el-kablar, lys, sikringsutstyr, ventilasjonsvifter og naudtelefonar. Tunnelportalar skal byggast, asfalt leggast på vegbana og skilt og vegmerking skal på plass.

## Tilstandsregistrering

Alle hus som ligg innanfor nærområdet til tunnelen vil få tilbod om tilstandsregistrering av hus og tilhøyrande bygningar. Dette oppdraget blir bli utført av eit eksternt konsulentfirma.

Skulle du oppdage skade på eigedomen din bør du notere deg tidspunktet då skaden skjedde og ta kontakt med Statens vegvesen så snart som råd etterpå.

Skaden vil bli inspisert og vurdert. Dette skjer på grunnlag av data frå grunnvassmålingar i området og måling av rystingar - og blir vurdert ut frå tilstandsregistreringa før vegarbeidet tok til.

## Framdrift

Heile det nye veganlegget skal etter planen vere ferdig til 2021-22.

## Folkemøte

Statens vegvesen inviterer til ope møte før byggestart i Os, mandag 21.september kl. 18.00 i Storsalen i Oseana kulturhus.

Sjå heimesida vår:  
[www.vegvesen.no/Vegprosjekter/e39svegatjornradal](http://www.vegvesen.no/Vegprosjekter/e39svegatjornradal)